

Villreinutvalet for Nordfjella

Vår dato:

10.06.2024

Vår ref:

2023/513

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Hol kommune
Ålmannvegen 8
3576 HOL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hermund Mjelstad, 5764 3124
Harald Skjerdal, 47874374

Til uttale - Kommuneplanens arealdel 2024 - 2036 - Hol

Villreinnemnda og villreinutvalet viser til utsending motteken her 17. april 2024.

Bakgrunn

Villreinutvalet er grunneigarane og jaktrettshavarane sitt fellesorgan som står for mykje av den praktiske villreinforvaltinga i Nordfjella. Villreinnemnda er ei statleg nemnd som har som ei hovudoppgåve å sjå til at villreinområda våre ikkje blir forringa, og ikkje gjev dårlegare levevilkår for villreinen gjennom året. Dette gjeld for alle villreinområda, men fokuset skal vere ekstra sterkt i dei oppretta nasjonale villreinområda.

Nordfjella er eit av desse nasjonale villreinområda som vart oppretta etter St.meld. nr. 21 (2004-2005) «Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand». I den vidare oppfylginga av dette vart den regionale planen for Nordfjella med Raudafjell vedteken av fylkestinga i 2014. Gjeldande planprogram for Nordfjella gjeld for perioden 2013 – 2025. Handlingsprogrammet er vedteke i 2020/2021 og gjeld perioden 2021 – 2024.

Kunnskapen om villrein er og auka monaleg dei siste åra, ikkje minst gjennom kvalitetsnormen for villrein som vart vedteke 23.06.2020, [Kvalitetsnorm for villrein \(Rangifer tarandus\) - Lovdata](#). Den første klassifiseringa kom 25.04.2022, [Kvalitetsnorm for villrein – første klassifisering \(nina.no\)](#) der Nordfjella ble klassifisert med raud status, dvs. dårleg kvalitet. I Nordfjella er det vist til veger og vasskraftutbygging, som saman med ferdsle i utsette område har stor negativ effekt på villreinens vandringer og trekk. I tillegg kjem helsesituasjonen med utbrotet av CWD (skrantesjuke). I klassifiseringa er tilstanden skildra ved tre delnormer i våre 24 villreinområde, 1. bestandsforhold, 2.



lavbeite og 3. leveområde og menneskeleg påverknad. For Nordfjella er tilstanden dårleg (raudt) for bestandsforhold og leveområde og menneskeleg påverknad. Målet er at eit villreinområde som er klassifisert som raudt, skal oppnå betre kvalitet.

I april 2024 vart Stortingsmeldinga om villrein lagt fram og godkjent i statsråd « Ein forbetra tilstand for villrein» [Meld. St. 18 \(2023–2024\) - regjeringen.no](#) Det blir her lagt fram ny politikk for å nå måla om betring av villreins tilstand, m.a. «*helhetlig og restriktiv arealpolitikk i villreinfjellet*» eit punkt som grip rett inn i arbeidet med kommuneplanens arealdel som no er på høyring i Hol.

Tiltaksplanen for Nordfjella, og dei andre nasjonale villreinområda, vart levert frå Statsforvaltarane til Miljødirektoratet 1. desember 2023 [Tiltaka som skal redde Europas siste villrein - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](#) Planane er etter dette oversendt Klima- og Miljødepartementet for vidare arbeid. Tiltaksplanane vil bli sendt ut på ei eiga høyring truleg i 2024 og vil venteleg bli vedtekne i 2025.

Utfordringane for heile Nordfjella villreinområde, og mange av dei andre nasjonale villreinområda, er m.a. at dei mange vasskraftutbyggingsane har hatt, og har, vesentlege negative effektar på villreinbestandane. Men det er og like klart at dei negative effektane verkar saman med andre moment i villreinfjellet. Først og fremst ferdsel, både motorisert og ikkje, sti- og løyper, turisthytter sentralt i villreinområda, omfattande hytteutbygging i randsonene til villreinområda, utstrekkt køyring av skiløyper, og generelt auka ferdsel inn i sentrale villreinområde. I sum gjev dette dårlegare vilkår for ein sunn og god villreinbestand.

For vurderinga av moglege konsekvensar av kommunens arealforvaltning for villreinen og villreinens leveområde er det først og fremst stiar og løyper, fritidsbustader og auka ferdsel i samband med desse som villreinnemnd og -utval er oppteken av.

Hol kommune har teke inn retningslinene til regionalplanen for Nordfjella med Raudafjell i arealdelen, og det er bra. Nemnd og utval meiner kommunen må vere tydeleg på dei moglege negative konsekvensane av bygging av nye fritidsbustader like utanfor villreinens leveområde. Det er summen av alle tiltak og inngrep (samla belastning jf. naturmangfaldlova) som gjer situasjonen dårlegare og mykje av ferdselen frå hytteområda går inn i leveområda til villreinen. Det blir då viktig kor kommunen legg til rette for nye sti og løyper, slik at ferdsla i størst mogleg grad kan styrast utanom kritiske og sårbare område. Lokalkunnskap om kor desse viktige områda er, er viktig, i tillegg til den kunnskapen som allereie ligg i regional plan, andre verneplanar og forvaltningsplanar t.d. for nasjonalparkane, og i ulike råd, nemnder og utval i kommunen. Ikkje minst har kvalitetsnormen oppdatert kunnskap for villreinområda.

Sidan Nordfjellastamma er heilt avhengig av dei gode vinterbeita i Hol, er det utforminga av løypenettet og praktiseringa av stikking og opparbeiding som er det viktigaste. Slik det ser ut, legg forslaget til kommunen opp til å vidareføra det løypenettet ein har i dag, med tillegg av nokre nye løyper. Me kan ikkje sjå at det er gjort vurderingar i planen m.o.t. kva verknad løypene kan ha for villreinen. Løypekartet vil no kunna få ein meir juridisk bindande verknad dersom det vert ein del av arealdelen i kommuneplanen, og ikkje berre ein mindre bindande temaplan, som i dag. Difor vert det i planprosessen ekstra viktig å sjå kritisk på dei mest skadelege løypetraséane, og ta ut nokre av desse for å skapa levelege tilhøve for reinen.

Villreinnemnd og -utval ser av «temakart 3 Skiløyper», at nokre av dei eksisterande løypene går gjennom område som har vore mykje brukt av villrein dei siste vintrane. Spesielt gjeld dette nord for Hallingskarvet, strekninga Byrkjedalen – Raggsteindalen – Geiterygghytta. Ved å gå inn på



dyreposition.no kan ein finne korleis bruken har vore. Sjå og kartvedlegg med utdrag frå Dyreposition.no for dei tre siste vintersesongane. Det viktigaste området som bør vere i fred for ferdsle er Såteggi – Finnebotneggi – Folarskardet, eit område der villreinen har vore mykje om vintrane. Tverrløypa frå Skarvatjørni til Kyrkjedøri kan binde saman løypenetett på nord- og sørsida av Hallingskarvet. Skiløypa gjennom Raggsteindalen bør gå ut. Det er ikkje lenger drift ved hytta og behovet er derfor ikkje lenger så stort. Det er og fleire løyper frå skisenteret i Sudndalen, m.a. ei over Gurostølfjellet som bør ut, i tillegg er det ein ny «sambindingsløype» frå toppen og inn forbi Halletjørne som knyter seg opp mot Raggsteindalen – Budalen som ikkje er bra. Denne kan lede til auke i ferdsle innover i villreinområdet. Løypa som går vidare mot Budalen bør ikkje køyrast, men her bør det nyttast stakar. Området austover mot Budalshøgdin er eit område der det er gode beite, og der ein ønskjer at dyra skal kunne nytte seg meir av dette.

Sør for Hallingskarvet bør den ruta som går nærrast skarvet takast ut av løypeplanen, frå DNT løypa i vest, vidare over Djuptjørnhovda og til Hesteberget. Denne strekninga er om lag der Skarverennet går, og løypa blir merkt kort tid i forkant av dette rennet. Løypa Embretstølen til Raggenutane bør og vekk for å gjøre området betre tilgjengeleg for vinterbeiting spesielt.




Fig.1 GPS-merka dyr registrert i perioden 1. juli 2022 til og med 3. juni 2024.

Registreringane viser tydeleg at hovudaktiviteten er nord og aust for Hallingskarvet, men med nokre utløparar langt aust til Budalshøgdin, og noko bruk på sørsida av Hallingskarvet. Dette er sone 2-dyr, ein bestand som har vore i storleik 3-400 dyr dei seinare åra.

Når det no er vedteke at det skal vere oppstart i reetableringa av villrein i sone 1, etter jakta i 2024, med dyr frå sone 2, vil vi etter noko tid vonleg få ein større bestand i heile Nordfjella. Det vil då vere endå viktigare at dyra kan finne gode vinterbeite rundt Hallingskarvet der dei ikkje blir særleg forstyrra. Sentralt i dette er å ikkje auke skiløypenetett, men heller redusere noko på dei løypene som er mest negative/kritiske i dag.



Av løyper som er i konflikt med villreinen allereie i dag, er nokre av dei som er viste på kartet på figur 2. Eit meir detaljert forslag til løyper som bør takast ut ligg ved.




Fig. 2. Kvite løypene bør leggast ned på grunn av villrein.

Desse løypene går langs med og på tvers av område som er viktige vinterbeiteområde for reinen. Dette går og tydeleg fram av data frå GPS-merka dyr dei siste par åra, og det er grunn til å tru at situasjonen har vore slik tidlegare år òg. Det som i tillegg er spesielt for villreinens levevis, er at dei med jamne-og ujamne mellomrom kan skifte beiteområde alt etter kvaliteten på beita. Sett over mange år vil difor heile villreinområdet kunne ha vore i bruk på eit gitt tidspunkt. Ein slik syklistisk bruk av leveområdet er spesiell for villreinen, og fører til utfordringar for forvaltninga. Eit område som er tomt for rein i eit tiår, treng ikkje vere tomt neste tiår, og områda er like viktige å ta vare på uansett.



Fig. 3. Løyper som bør leggast ned.

Ser vi på figur 3 over, så samsvarer løypene her mykje med områda som reinen har nytta dei siste par åra, jf. GPS-posisjonar i vedlegget som syner arealbruken dei tres siste vintersesongane. Løyper her som bør leggast ned er:

- Storestølen – Ynglesdalen – Raggsteindalen – Storestølen
- Gurostøløypa
- Byrkjedalen – Hallingskarvet Skisenter

Tida på året løypene blir køyrd er viktig, og stort sett gjeld det at jo tidlegare dei blir køyrt, jo meir negativt er det for reinen.

Areal for bygging av fritidsbustader

Arealdelen til kommuneplanen i Hol viser nokre område som er avsett til nye felt for fritidsbusetnad. I tillegg er det lagt inn nokre nye tomter (fortetting) og det er lagt inn nokre spreidde enkeltomtar (11 stk) på diverse gnr.

Villreinnemnda vil peike på at nye fritidsbustader bør etablerast i god avstand frå villreinens leveområde, og plassert slik at ikkje ferdsla og oppkøyring av t.d. skiløypar går rett inn i, eller inn mot villreinområdet. Å redusere slik ferdsla gjennom kommunen planbehandling er det lagt stor vekt på både i Stortingsmeldinga om villrein, i tiltaksplanane for villrein og sist i innstillinga frå Energi- og miljøkomiteen til Stortinget. Nemnda undrar seg elles noko over plandokumentet der det er skildra at kommunen har ein arealreserve til fritidsformål som er på 111 daa i Nordfjella villreinområde. Om dette er riktig bør i tilfelle denne reserven ut av arealdelen.

Vi er godt nøgde med den omfattande lista av ubygde tomtar/planar som ikkje er igangsett og som blir tilbakeført til LNF føremålet.

Det er viktig at kommunen ikkje ser på fritidsbusetnad isolert til den enkelte tomt, men ser på heilheita i området med tanke på kor ferdsla vil auke og om dette kan kome i konflikt med



villreinområda. Og ikkje minst er det den samla belastninga villreinnemnda er oppteken av, det er summen av alle tiltaka som kan bli negativ. Det er til dømes ikkje tilrådeleg å leggje til rette for vidare utbygging og fortetting i områda på nord-austsida langs Strandavatnet, her vil den naturleg ferdsselsretninga vere rett inn i villreinområdet. Det same gjeld for området Raggsteindalen. Generelt vil auke i tal hytter vil føre til auke i press på å køyre opp skiløypar og merka turløyper.

Med helsing

Trygve Skjerdal
leiar villreinnemnda

Sigurd Vikesland
leiar villreinutvalet

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Dyreposisjonar tre siste vintersesongar

Kopi til:
Statsforvaltaren i Oslo og Viken
Buskerud fylkeskommune